



Svein Rune Nedreås
Hoplandsvegen 165
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/525 - 17/10643

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
26.05.2017

Godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg Fjellveien og løyve til etablering av avkøyrsel - Gbnr. 15 2 Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 142/2017

Saksutgreiing:

Svei Rune Nedreås søker i søknad dagsett 21.02.2017 om løyve til å byggje ein landbruksveg på Gbnr. 15/2 på Hopland. Det vert søkt om å byggje ein landbruksveg i vegklasse3 på ca. 74 meter som nyanlegg og opprusting av 27 meter eksisterande landbruksveg til vegklasse 3. Det vart 19.03.2017 søkt om løyve til etablering av ny avkøyrsel frå kommunal veg 1146 Hoplandsvegen til gnr. 15 bnr. 2.

Vegen er tenkt nytta 100% i jordbruksformål. Vegen har eit dekningsområde på 63 daa, kor 45 daa er jordbruksareal og 18 daa skog. Det ståande volumet er på om lag 240 m³. Byggjekostnad er kalkulert til 87.500k r.

Eigedommen har 181,9 daa skog, 34,5 daa fulldyrka jord, 18,5 overflatedyrka jord, 65,8 daa innmarksbeite og 16,8 daa anna areal. Søklar ynskjer å bygge ein betre tilkomst til jordbruksareala på eigedomen. I dag går vegen mellom kårbolig og driftsbygning, dette gjer det svært tungvint og vanskeleg å kome fram med traktor i drifta av jordbruksarealet. I dag må søklar rygge ned med traktor og gjødselvogn for å kunne kome til gjødsellager. I samband med slåtten er det også smalt og vanskeleg å kome til jordbruksareala på ein enkel og rasjonell måte. Det er i dag om lag 5 meter bredt mellom kårbolig og kanten på terrenget der driftsbygning ligg.

Vurdering:

Landbruksveg:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenninga v vegart il landbruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte vegen utgjer landbruksformålet all planlagd bruk av vegen.

Bygging av ny veg og opprusting av eksisterande vil vere eit viktig tiltak for å betre tilkomsten til areala i samband med drifta. Vegen vil gjere tilkomst til ein og del areal og gjødsellager enklare. God vegtilkomst er viktig for å drive rasjonelt og kostnadseffektivt. Vegen vil også gjøre tilkomsten tryggare, det er i dag ganske smalt mellom bygga. Vegen går også i en krapp sving og har fall nedover. Dette aukar risiko for skader på folk og eigedom. Til dømes må mjølkebilen rygge ned mellom kårbolig og driftsbygning, og dette er ikkje ein ønskjeleg situasjon.

Søkjar vurderer å byggja ein ny driftsbygning på bruket og på grunnlag av plassering av nytt bygg er det heilt naudsynt med ein ny veg. Plasseringa av bygget er gjort med bakgrunn i topografien op bruket, og det er ikkje mogleg å byggje ein ny driftsbygning da dagens veg er for smal til at lastebil kan køyre på den på ein trygg måte.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Fylkesmannen har ingen motsegn mot vegen. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har ikkje motsegn, men ber om at ein under opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle landskapselement som steingarder eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar under arbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast. Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje motsegn.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Kommunen har etter gjennomgang av artskart og naturbase ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området eller i nærleiken (jf. § 8). Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Den omsøkte vegen vil auke utbygginga i området, men det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføre vesentleg auke, då bruken ikkje vert endra (jf. § 10). Naturmangfaldslovas §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at vegen som omsøkt ikkje er i konflikt med §§8-12 i naturmangfaldslova.

Avkøyrse:

Søknad om løyve til etablering av ny avkøyrse frå kommunal veg har vore til utale hjå kommunal vegmynde:

«Grunneigar ønskjer å etablere ein ny avkøyrse på eigedomen fordi eksisterande avkøyrse er for smal for køyretøyane som vert nytta i drifta av landbrukseigedomen. Kommunen vurderar at etablering av avkøyrse vil auke trafikken på Hoplandsvegen.

Omsøkt avkøyrse vil tilfredsstille krav til frisikt og svingradius jf. Forskrift om avkøyrser frå offentlig veg.»

Administrasjonen vil etter ei samla vurdering gi løyve til bygging av den omsøkte landbruksvegen og løyve til etablering av avkøyrse. Det er administrasjonen si meining at veggen vil vere viktig for god og kostnadseffektiv drift av jordbruksareala, samstundes som ein sikrar ein god tilkomst til gjødsellager. Vidare vil veggen vere viktig dersom det skal byggjast ein ny driftsbygning på bruket.

Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til bygging av skogsbilvegen Fjellvegen som omsøkt. Det skal byggjast i 74 meter nyanlegg i vegklasse 3, og opprusting av 27 meter veg til vegklasse 3.

Byggjeløyvet er gjeve på følgjande vilkår:

1. Veggen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske retningslinjer for vegklasse 3 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
3. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 26.05.2020.
4. Når vegplanlegging er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-3 og 3-4 i forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål.

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 godkjenner Meland kommune avkøyrseplanen på følgjande vilkår:

- Avkøyrseplanen må opparbeidast i henhold til innsendte planer som viser at krav til friskt er ivareteke
- Avkøyrseplanen må utformast med ein svingradius på minst 4 m
- På dei næraste 50 meter frå den offentlege veggen skal avkøyrseplanen ha maksimal stigning (fall) på 1:8
- Frisiktsona skal til einkvar tid vere fri for sikthindringar av midlertidig eller permanent art, høgere enn 0,5 m over hovudveggen sitt nivå. Eksempel på sikthindringar er vegetasjon, gjerde, mur, bosspann eller liknande. Parkering i frisiktsona er ikkje tillatt.
- Avkøyrseplanen skal byggjast slik at overvatn frå veggen ikkje renn inn i avkøyrseplanen. Den må også byggjast slik at overvatn frå avkøyrseplanen ikkje renn inn i veggen. Dersom avkøyrseplanen avskjerer åpen grøft skal det byggjast avlaupsrør med minimum diameter 200 mm. Avlaupsrør skal byggjast slik at vegggrøften sin funksjon vert oppretthaldt. Grøftevatnet skal ha fritt løp inn og ut av røret eller Der avkøyrseplan krysser fortau skal kantstein nedsenkes til 5 cm.
- Avkøyrseplanen med tilhøyrande siktområde, rør eller stikkrenne, skal vedlikehaldast av grunneigar eller brukar, uten omsyn til kven som har bygd eller kosta avkøyrseplanen.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhold av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartvedlegg Gbnr. 15-2

Mottakere:

Svein Rune Nedreås

Hoplandsvegen 5918
165

FREKHAUG